

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

Vigdis Ravnøy sett fram slikt forslag til uttale:

«Fylkeseldrerådet i Vestland er glad for at fleirtalspartia vil oppretthalde servicelina i Bergen. Dei har lagt inn att i budsjettet 1,2 millionar til å vidareføre denne i 2020.

Fylkeseldrerådet er kjent med at Bergen kommune konkluderte med at behovet var relativt begrensa ut frå ei passasjerteljing i veke 16 i 2018. Vi er ikkje kjent med at det føreligg ei undersøking der eldre over 67 år er blitt spurt om behovet for ein aldersvennleg transport.

Rådet er samd i at det må ein idèdugnad til saman med Bergen kommune for å få eit aldersvennleg transporttilbod til dei som har retten til å nytte seg av dette.

Det må vera eit tilbod som tek vare på interessene til dei som har behov for å kome seg frå A til B for nødvendige ærend, servicetilbod, kulturaktivitetar som kino, teater, konsertar, museumsbesøk, møter og andre aktivitetar. Dette vil bli eit viktig tema når servicelina skal drøftast. Det same er kva trasé som vert valt og korleis tilbodet blir gjort kjent.

Mange eldre har problem med å gå til nærmeste busstopp, og det er difor viktig at ein aldersvennleg transport stoppar i nærleiken av der vedkomande bur. Eit reelt tilbod til eldre må også vera eit tilbod om transport på ettermiddag- og kveldstid.

Oslo har i dag ein aldersvennleg transport (rosa bussar) som det er verdt å hente erfaringar frå. Det same gjeld frå Odda og eventuelt frå andre tettstader og byar som har fått på plass ein aldersvennleg transport der brukarane er nøgde og der alle over 67 år får eit tilbod.

Reforma «Leve Heile Livet» skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger og kunne vera trygg på at dei får god hjelp når dei treng det. Tilbodet om tilpassa og rimelege transportordningar er ein av føresetnadane for at eldre skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim.

Fylkeseldrerådet føreset deltaking i idèdugnaden saman med Bergen eldreråd, og ser fram til arbeidet med å få ein aldersvennleg transport i Bergen.»

Avrøysting

Ravnøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland er glad for at fleirtalspartia vil oppretthalde servicelina i Bergen. Dei har lagt inn att i budsjettet 1,2 millionar til å vidareføre denne i 2020.

Fylkeseldrerådet er kjent med at Bergen kommune konkluderte med at behovet var relativt begrensa ut frå ei passasjerteljing i veke 16 i 2018. Vi er ikkje kjent med at det føreligg ei undersøking der eldre over 67 år er blitt spurt om behovet for ein aldersvennleg transport.

Rådet er samd i at det må ein idèdugnad til saman med Bergen kommune for å få eit aldersvennleg transporttilbod til dei som har retten til å nytte seg av dette.

Det må vera eit tilbod som tek vare på interessene til dei som har behov for å kome seg frå A til B for nødvendige ærend, servicetilbod, kulturaktivitetar som kino, teater, konsertar, museumsbesøk, møter og andre aktivitetar. Dette vil bli eit viktig tema når servicelina skal drøftast. Det same er kva trasé som vert valt og korleis tilbodet blir gjort kjent.

Mange eldre har problem med å gå til nærmeste busstopp, og det er difor viktig at ein aldersvennleg transport stoppar i nærleiken av der vedkomande bur. Eit reelt tilbod til eldre må også vera eit tilbod om transport på ettermiddag- og kveldstid.

Oslo har i dag ein aldersvennleg transport (rosa bussar) som det er verdt å hente erfaringar frå. Det same gjeld frå Odda og eventuelt frå andre tettstader og byar som har fått på plass ein aldersvennleg transport der brukarane er nøgde og der alle over 67 år får eit tilbod.

Reforma «Leve Heile Livet» skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger og kunne vera trygg på at dei får god hjelp når dei treng det. Tilbodet om tilpassa og rimelege transportordningar er ein av føresetnadane for at eldre skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim.

Fylkeseldrerådet føreset deltaking i idédugnaden saman med Bergen eldreråd, og ser fram til arbeidet med å få ein aldersvenleg transport i Bergen.